

Fra: Jens Bjordal <jens.nagell.helge@outlook.com>
Sendt: torsdag 16. juni 2022 11:20
Til: Postmottak Alver
Kopi: Ole Nils Husebø; Einar Aase
Emne: Sender e-post: E-post frå Alver kommune vedk. carport på gnr. 309 bnr. 405 Ole Nils Husebø, Martikkelbrev 309129
Vedlegg: E-post frå Alver kommune vedk. carport på gnr. 309 bnr. 405 Ole nils Husebø.msg; Martikkelbrev 309129.msg

Til Alver kommune v/ Einar Aase.

Gjeld carport på gnr. 309 bnr. 204 eigar Ole Nils Husebø. Ytterlegare opplysningar m.m.

Syner til dykkar e-post (vedlagd) der de etterlyser nærmare dokumentasjon vedk. bygging av carport på denne eigedomen. Sidan eigedomen ikkje var bebygd måtte nabo gi grunnerklæring eller bygget plasserast minst 4 m frå grensa.

Tiltakshavar har nå slått saman eigedomen gnr. 309 bnr. 204 med hovudeigedomen gnr. 309 bnr. 129 slik at det nå berre er ein eigedom gnr. 309 bnr. 129. Sjå vedlagde matrikelbrev.

Sidan eigedomen der carporten er planlagd plassert nå er slått saman med bnr. 129 som er bebygd vil ikkje kravet om 4 meters grense til nabo eller samtykkeerklæring frå nabo vera noko krav. Mindre bygg slik som carport kan då plasserast inntil 1m frå nabogrense utan naboerklæring.

Dei krava som de opplyser i dykkar e-post må stettast før løyve vert gitt, er derfor oppfylt slik at carporten nå kan godkjennast i samsvar med tidlegare innsendt søknad. Ein ber om at dette nå blir gjort. Naudsynt dokumentasjon er tidlegare innsendt til kommunen. Naboane har ingen merknad til saka.

Mvh.

Jens H. N. Bjordal.

Ansv. Søkjar.

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

E-post frå Alver kommune vedk. carport på gnr. 309 bnr. 405 Ole Nils Husebø Martikkelbrev 309129